



FREMMEDSPRÅKSENTERET

NASJONALT SENTER FOR FREMMEDSPRÅK I OPPLÆRINGEN

Elevenes val av framandspråk i vidaregåande skule

Nasjonalt senter for framandspråk i opplæringa - Notat 6/2016

Utdanningsdirektoratet har publisert fagvala til elevar i vidaregåande skule for skuleåret 2015/2016. På grunn av nye behandlingsreglar i statistikken endrar tala seg frå tidlegare år. UDIR har berre korrigert tala for dei tre siste åra. Framandspråksenteret kan difor ikkje gjere analyser som strekk seg lengre bakover enn dei tre åra i dette notatet:

«Nye og forbetra behandlingsreglar gjer at tala i Statistikkportalen avvik ein del frå det som tidlegare har vore publisert i Skoleporten. Alle endringar er tilbakeførte for dei tre årgangane som vert publiserte i Statistikkportalen, slik at tala der er samanliknbare over tid.»¹

Dette notatet baserer seg på dei oppdaterte tala frå dei tre siste åra. Vi ønskjer å trekke fram følgjande:

- For fellesfag minkar spansk og fransk i elevtal, medan tysk aukar
- For programfag minkar spansk, medan både fransk og tysk aukar
- Blant dei mindre underviste språka² aukar kinesisk og italiensk i elevtal, medan dei andre språka minkar
- Delen elevar som vel programfag nivå III aukar
- Delen elever som vel framandspråk nivå I og II som programfag søkk
- Sjølv om elevtala for engelsk går ned er det fortsatt over ti gonger fleire som vel engelsk som programfag enn dei som vel eit framandspråk


Alle tala i dette notatet er henta frå Utdanningsdirektoratet.³

¹ <http://www.udir.no/tall-og-forskning/finn-forskning/tema/fagvalg-i-videregaende/>

² Andre språk enn spansk, tysk og fransk


³ <http://www.udir.no/tall-og-forskning/finn-forskning/tema/fagvalg-i-videregaende/>

Spansk, tysk og fransk utgjør 98 % av all språkundervisning i videregående skule



Tabell 1

Det er 84 366 elevar på studieretninga studiespesialisering i skuleåret 2015/2016. Av dei har 68 286 fellesfag språk.⁴ 98 % av alle som har fellesfag språk har spansk, tysk eller fransk. I forholda mellom dei tre mest underviste språka er situasjonen lik den vi ser i ungdomsskulen: Tala på elevar som vel spansk og fransk går nedover, medan tala på elevar med tysk aukar.




Tabell 2

Når det kjem til kven som vel programfag er fordelinga den same som i høgare utdanning: Spansk er størst, medan fransk er litt større enn tysk. Vi ser derimot ein nedgang i elevtala for spansk som

⁴ Dei fleste som har fellesfag språk har det i to år.


programfag, nett som i fellesfag. Forholdet mellom fransk og tysk som programfag er det same som i høgare utdanning, kor fransk òg er meir populært enn tysk. Talet på elevar som tek framandspråk som programfag er låge og det er noko vi vil sjå nærare på lengre nede i notatet.



Tabell 3


Dei aller fleste som tek spansk, tysk eller fransk som programfag tek det på nivå III. Programfag nivå III har vore eit satsingsområde, blant anna gjennom Tiltaksplana for Framandspråksenteret (2009-2014). Tidlegere statistikkar synar at frå 2009 til 2014 firedobla talet på elevar med nivå III seg frå 300 til 1 200. Etter at Tiltaksplana vert avslutta i 2014 har talet på elevar med nivå III auka med berre 34 elevar dei siste tre åra. Sjå tabell 7 lengre nede i notatet.

Dei mindre underviste språka er populære som programfag




Tabell 4

Framandspråksenteret reknar dei «mindre underviste språka» som alle språk som ikkje er spansk, tysk eller fransk. Det varierer frå år til år og frå skule til skule kva språk som blir underviste, og dette notatet tek berre med språk som har meir enn 20 elevar til saman i heile landet. (Sjå Utdanningsdirektoratet sin statistikk for alle språka.) Elevantala for dei to største av dei mindre underviste språka, italiensk og kinesisk aukar, medan dei andre språka går litt nedover. Kinesisk har vore eit språk i sterk vekst dei siste åra og viss denne utviklinga held fram er det snart det fjerde mest underviste framandspråket i grunnopplæringa. (Sjå tabell 4)



Tabell 5


Italiensk er populært som fellesfag, men ikkje som programfag. Kinesisk er populært båe som fellesfag og programfag.



Tabell 6


Når vi samanliknar tala for fellesfag og programfag i dei mindre underviste språka ser vi at skilnaden på elevtala er mykje mindre enn den er for spansk, tysk og fransk. Ein av sju elevar i dei mindre underviste språka er programfagelevar. Det betyr at desse språka er relativt populære på dei få skulane der dei vert tilbydd og at det er mange elevar som tek eit av desse framandspråka i tillegg til spansk, tysk eller fransk. Antikkens språk og kultur vert ikkje rekna som eit framandspråk. Sjølv om ein lærer gresk eller latin er dette eit eige programfag med sin eigen læreplan.

Fleire vel programfag nivå III, men færre vel framandspråk som programfag



Tabell 7


Dei samla tala for elevar som tek framandspråk programfag nivå III held seg relativt stabile, men har hatt ein liten auke dei siste tre åra. Dette er ei gledeleg utvikling for framandspråka, fordi det betyr at fleire elevar vel å ta eit framandspråk som programfag på det høgaste nivået i norsk skule. Det kan òg vere positivt for rekrutteringa til framandspråk i høgare utdanning.



Tabell 8

Sjølv om delen som har framandspråk på nivå III som programfag aukar, søkk diverre talet på elevar som vel framandspråk programfag nivå I eller II.

Sjølv om det ikkje finst undersøkingar på kvifor elevane vel som dei gjer, finns det ei klar utfordring for elevar som vel framandspråk nivå I og II som programfag: Læreplanane er heilt like som i fellesfag, men programfaget vert gjennomført på eitt år i staden for to.



Tabell 9

227 timar med framandspråk på ungdomsskulen gjer nivå I, og å halde fram med same språk som fellesfag i to år og 225 timar på vidaregåande skule gjer nivå II. Til saman gjer dette 452 timar. Viss ein ikkje har hatt framandspråk på ungdomsskulen må ein ha nivå I+II i løpet av tre år og 365 timar på

vidaregåande. Ein kan òg velje å ha nivå I i eitt språk på ungdomskulen og nivå I i eit anna språk på vidaregåande. Då har ein òg to år og 225 timar på å gjere ferdig nivå I.


Viss ein vel framandspråk som programfag har ein 140 timar og eitt år på å gjere ferdig kvart nivå. Det vert dermed kravd elevar med programfag skal bruke 140 årstimar i løpet av eitt år på å lære like mykje som elevar med det same språket som fellesfag lærer i løpet av to år og 225 årstimar.

Til forsvar for denne ordninga kan ein seie at programfag er fag med fordjuping, og at dei har 45 min ekstra i uka. I tillegg gir programfag 0,5 ekstrapoeng på nivå I og nivå II. På den andre sida er dette ei særordning for framandspråka. Ingen andre fag i skulen har denne ordninga. Det er høge krav til elevane, og det gjer at det blir ei ekstra utfordring å velje eit framandspråk som programfag. Men: Det er ikkje sjølve timetalet som er den største utfordringa.

Eit nivå, to klassar

Utfordringa med færre timar er ikkje den største for framandspråka som programfag. Viss ein elev ynskjer å ta eit språk som programfag blir han eller ho ofte sett i klassen som har fellesfag på andre året. Det same gjeld med elevar som tek nivå II som programfag. Dei blir sett i klasse med elevar som allereie har hatt språket på nivået i eitt år. I begge disse tilfella har elevane med fellesfag eit forsprang på 113 eller 112 undervisingstimar samanlikna med elevane som tek programfag. Spesielt vanskeleg er dette med nivå I, då ein elev med programfag vil stille utan nokre førekunnskapar, medan han eller ho havnar i ein klasse med elevar med eit forsprang på eit heilt år. I tillegg til å vere ei utfordring for elevane, er det ei utfordring for skulane å setje saman klassar med blandingar av fellesfag- og programfagelevar. Sist men ikkje minst er dette òg ei utfordring for læraren: Korleis skal undervisinga leggjast opp? Læraren får to klassar i same klasserom med heilt forskjellig utgangspunkt i august, og i juni vert det forventa at dei er på same faglege nivå.

Minkande elevtal for engelsk



Tabell 11

Engelsk er eit av dei mest populære programfaga, og elevar kan velje mellom tre forskjellige studieretningar. Det er vanleg å ta internasjonal engelsk på VG2 og halde fram med eit av dei to andre faga på VG3. Sjølv om det samla talet for elevar som vel engelsk minkar, er engelsk som programfag fortsatt over ti gonger meir populært enn framandspråk som programfag.

Øystein N. Øksenvåg
Rådgjevar for austasiatiske språk og språkval
Halden, april 2016

	2013-2014	2014-2015	2015-2016
Elevar på studiespesialisering	82 020	83 508	84 366
Framandspråk fellesfag	68 280	68 479	68 286
Spansk	30 227 = 44,3 %	30 185 = 44,1 %	29 709 = 43,5 %
Tysk	25 449 = 37,3 %	25 929 = 37,9 %	26 464 = 38,8 %
Fransk	11 703 = 17,1 %	11 438 = 16,7 %	11 061 = 16,2 %
Italiensk	442	487	565
Russisk	262	234	198
Kinesisk	315	378	456
Japansk	102	103	93
Arabisk	5	2	4
Teiknspråk	99	117	102
Nordsamisk	103	91	65
Finsk	3	1	0
Framandspråk programfag	1 697	1 643	1 600
Spansk	743	705	661
Tysk	298	318	350
Fransk	325	333	353
Italiensk	92	53	20
Russisk	29	27	10
Kinesisk	103	90	103
Japansk	41	32	27
Arabisk	23	26	18
Teiknspråk	3	24	23
Nordsamisk	0	0	1
Finsk	18	16	19
Engelskspråklig litteratur og kultur	1 624	1 549	1 699
Internasjonal Engelsk	10 782	10 394	9 895
Samfunnsfaglig Engelsk	4 691	5 113	4 397
Antikkens språk og kultur	120	119	161
Nivå I og II Programfag	446	373	315
Nivå III Programfag ⁵			
Sum alle språk	1 251	1 270	1 285
Spansk	630	639	614
Tysk	269	275	321
Fransk	297	317	325
Russisk	10	6	1
Italiensk	5	4	7
Arabisk	5	4	3
Tegnspråk	3	0	0
Japansk	0	0	0
Nordsamisk	0	0	0

⁵ For heile lista, sjå UDIR sin statistikk

Kinesisk	0	4	0
Fellesfag + programfag			
Spansk	30 227 = 44,3 %	30 185 = 44,1 %	29 709 = 43,5 %
Tysk	25 449 = 37,3 %	25 929 = 37,9 %	26 464 = 38,8 %
Fransk	11 703 = 17,1 %	11 438 = 16,7 %	11 061 = 16,2 %
Italiensk	442+92 = 534	487+53 = 540	565+20 = 585
Russisk	262+29 = 291	234+27 = 261	198+10 = 208
Kinesisk	315+103 = 418	378+90 = 468	456+103 = 559
Japansk	102+41 = 143	103+32 = 135	93+27 = 120
Arabisk	5+23 = 28	2+26 = 28	4+18 = 22
Teiknspråk	99+3 = 102	117+24 = 141	102+23 = 125
Nordsamisk	103+0 = 103	91+0 = 91	65+1 = 66
Finsk	3+18 = 21	1+16 = 17	0+19 = 19